

Meland Kommune
5918 Frekhaug,

Kommuneplann for Meland kommune 2014.

Merknadar til kommuneplann ang. utviding av gravplass ved Meland kyrkje.

1. Då det vart utvida for ca 20 år sidan så hadde eg rettigheter til å ha min vannledning liggjande over dei eigedommane som kommunen kjøpte på sør-austsida av tidlegare gravplass, til utviding av gravplass og i tillegg på grn 17. brn. 3 m.fl. for grøft for vannledningen til min eigedom. Dette er tinglyst rett som eg har til eigedomen min, grn. 16 brn. 4 i Meland.

2. Etter planen skal det no utviding til for meir og større gravplass ved Meland kyrkje. Då må vannledning som i dag paserar i øvre del av den nye gravlunden som vart lagt der ved siste utvidinga i sør-aust, vert lagt om i ein trase som er utanfor alle gravlundsareal til kyrkja. Det er ikkje rett at me skal ha vannledningen for drikkevatn til grn. 16 - brn. 4 og grn. 16 - brn. 44 liggjande inne på ein gravlund. Her er det og snakk om å kunna vedlikehalda ein vannledning i framtida, utan at ein må til å grava i mellom og kring dei som er gravlagde. Det ser me på som uheldig og ulovlig å kunna utføra.
Her skal det vera respekt for dei som er gravlagde.

3. Etter plan som er ute på høyring, er det kome fram at det er tiltenkt nye gravplassar på sør-vest og nordsida av kyrkja med eit areal som er av høg verdi som dyrka landbruksjord. Her må det vera nokon som ikkje ivaretok det beste lanbruksarealet som er i kommunen. Angåande areal til utviding av gravplass er det det beste for Melandsbygda at utvidinga skjer i ei videreføring av utvidinga, som starta for ca 15-20 år sidan. Her er eit området som er unikt for dette formålet, og ligg heilt usjenert til for bygdesamfunnet her i dalen.

Me ber om at det store arealet som er inntekna på dyrka mark ved kyrkja, vert trekt ut av planen. At me som fastbuandet bygdefolk skal sitja å sjå på ein stor gravplass på fleire titals mål stor, er heilt uakseptabelt, då det er andre areal å ta av.

Her er det no så stor forurensing i elvar og bekkar at grensa er for lengst overskriden.

Alle desse forurensingane renn i dag i frå gravplassen på Meland via Dalevatnet og renn vidare ut i Mjåteitvelva som er ei freda elv.

4. Me ber om at det vert teke med i planen areal til gravplassar i områder rundt dei to senterområda i sør og nord i kommunen.

Det er snakk om ein folkevekst i Meland opp til ca 15000 om 10-15 år.

Så her må dei og rekna med stor avgang av folket i kommunen, frå no og ut i all framtid.

Meland 27. september 2014.

Husk Magna Bjørnestad
Kari Bjørneslæd

dinn Maria Monstad
Dukt Martin Bjørneslæd